

Årsmøte i Voss idrottsråd 26.03.2015 på Fleischer hotell

Protokoll

Til stades: Borghild Ure Voss IL, Gunn Marit Bergstrøm Voss IL, Gunn Berit Lunde Aarvik Hordaland Idrettskrets/ Bulken idrettslag, Randi Knapstad valnemnda, Einar Melve FBK Voss, Torgils Bryn Voss IL, Monica S Grønås Bjørgum IL, Heidi Olsen Nedkvitne Valnemnda, Ingvill K Bidne Styret/ FBK Voss, Terje Græe styret/ Voss motorsport klubb, Nils Een styret/ Ørnar, Inge Arild Lirhus Styret/ Bulken IL, Erik Blindheim leiar/ Voss Handballklubb, Nils Inge Håland Voss IL.

Sakliste:

- 1 Godkjenne dei frammøttte representantane og fastsetjing av stemmetal.
2. Godkjenning av innkalling og saklista
3. Velja møteleiar, referent og to representantar til å underteikna protokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap og budsjett.
6. Forslag til handlingsplan.
7. Innkomne saker og forslag.
8. Val av styre og komitear.
9. Val av representanter til idrettskretstinget eller delegera dette til styret.

1. Godkjenning frammøtte representantar.

Etter liste over frammøtte vert det fastsett eit stemmetal på 13 representantar.

2. Godkjenna saklista og innkalling.

Årsmøtet har vore utlyst i lokalavisa to gonger og det er sendt ut innkalling med naudsynt informasjon til alle idrettslaga. Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

3. Val av møteleiar, Erik Blindheim vart føreslått og valt einstemmig,
val av referent Terje Græe vart valt einstemmig,

val av to til å underteikna protokollen, Gunn Berit Lunde Aarvik og Heidi Olsen Nedkvitne vart valt.

4. Årsmelding.

Årsmeldinga vart lest opp og godkjent utan merknader.

5. Rekneskap.

Rekneskapen vart gjennomgått av Inge Arild Lirhus. Rekneskapen syner eit overskot på kr 62 985,-. Det store overskotet har samanheng med at idrottsrådet frå og med 2015 har fengje utvida tilskotet frå kommunen. Kommunalt tilskot til utstyr er teke bort og midlane vert no nytta som tilskot til idrottsrådet. Dette etter innspel frå idrettslaga.

Under saka rekneskap var det og ein gjennomgang av rekneskapen for Edvard B Hegbom sitt minnefond. Fondet har pr. 31.12 2014 ein attståande kapital på kr. 116 701,-

Rekneskapane vart godkjende utan merknader.

Budsjett.

Det er sett opp eit enkelt budsjett med grunnlag i inntektspostar ein har kjennskap til. Det er for året 2015 sett opp ein utgiftspost til frikjøp av arbeidstid til møter som er lagt til dagtid. Dette har vore eit sakk tidlegare, men økonomien i dag tillèt slik bruk av midlar.

Budsjett vart godkjendt utan merknad.

6. Forslag til handlingsplan.

Handlingsplan vart lest opp. Handlingsplanen er i tråd med intensjonar og tidlegare vedtak for idrottsrådet.

Handlingsplan vart godkjend utan merknader.

7. Inkomne saker og forslag.

Det er ikkje innmeldt nokon saker til handsaming på årsmøtet.

8. Val

Valnemnda har vore Randi Knapstad leiar, Heidi Olsen Nedkvitne og Solvor Dolve.

Randi Knapstad orienterte om valnemnda sitt arbeid. Dei har hatt fleire møter og mange telefonsamtalar. Valnemnda har også motteke forslag til kandidatar frå idrettslaga, og frå andre. Det har vore eit mål for valnemnda å finna kandidatar slik at breidda i idrettsgreiner, lokalisering i bygda samt at kjønnsfordelinga vert ivareteken. Ho avslutta innleiinga med å sei at dei meiner å ha fylgt opp intensjonane på ein god måte.

Det vart ikkje fremja motkandidatar til nokon av kandidatane i valnemnda sitt framlegg. Alle kandidatane vart valt einstemmig ved aklamasjon.

Det nye styret er då.

Leiar	Asle Bergsrøm	Voss IL	ny valt for	1 år
Nestleiar	Nils Een	Ørnar	attval for	1 år
Styremedlem	Bent Kvamme	Voss IL	ikkje på val	
Styremedlem	Ingvill Knapstad Bidne	FBK Voss	ikkje på val	
Styremedlem	Borghild Haugo Ure	Voss IL	ny valt for	2 år
Styremedlem	Einar Melve	FBK Voss	ny valt for	1 år
Varamedlem	Gunn Marit Bergstrøm	Voss IL	attval for	1 år
Varamedlem	Frode Rokne	Viljar	ny valt for	1 år
Revisor	Terje Eide	Bjørgum	attval	
Revisor	Nils Inge Håland	Voss IL	attval	

Ny valnemnd etter framlegg frå styret vart valt einstemmig ved aklamasjon og er:

Leiar	Arve Søgård leiar	Voss IL
	Gunn Berit Lunde Aarvik	Bulken IL
	Oddny Marie Kolle	Bulken IL
Vara	Nils Bryn	Bulken IL

Styremedlem Einar Melve har eit tilsetjingtilhøve til FBK Voss. Idrettstyret har gjeve dispensasjon for dette for eit år. Dispensasjon er vedlagt.

Underskrifter



Gunn Berit Lunde Aarvik



Heidi Olsen Nedkvitne